

## JA TAKK TIL MASSEPRODUKSJON AV HARDINGFELER!

Det norske instrumentmakeriet har vore raudlista ei stund – mykje har vore skrive om det i dette bladet. Det er få folkemusikkinstrumentmakarar, og dei som finst, lever farleg. For dei få hardingfelemakarane som finst i Noreg i dag, er det uråd å krevje den prisen for ei nybygd fele som dei burde. Ei ny hardingfele kostar typisk mellom 50 000 og 100 000 kroner. Med tanke på arbeidet som ligg bak, og om ein samanliknar med handlaga kvalitetsfiolar, burde dei koste det dobbelte.

Men instrumentmakarane vil jo ha felene sine i spel også, så dei må balansere idealisme og kremmarvirke. Ofte må dei legge vekk nye feler dei arbeider med, for å reparere gamle instrument. Når det blir laga så få nye feler, må ein jo ta vare på dei gamle spelbare som finst. Stønadsordningar må på plass og bli gjorde kjende, slik at dette arbeidet i nokon mon kan lønne seg, og fleire kan bli inspirerte til å lære å bygge og reparere felene. Men kanskje kan felemakarane få avlastning også – av delvis maskinelt framstilte hardingfeler?

På Ole Bull Akademiet testar dei for tida ut ei fresemaskin, ein såkalla CNC-fres (for *Computer Numerical Control*) – noko du kan lese om på side 45 i dette bladet. Denne maskina skjer ut alle trestykkka til hardingfela, med ein 3D-modell av fela som basis, eit arbeid som for ein felemakar tek lang tid. Prosjektet «Framtidsfelemakeriet» er enno i eksperimentfasen, og det står att å sjå kor godt dei CNC-produserte felene vil låte – og kva dei vil koste. Men at slike maskiner med tida vil produsere brukbare eller tilmed svært gode hardingfeler, er det ingen grunn til å tvile på.

Å få tak i ei dugande hardingfele i dag er altså ikkje lett. Noko av appellen til hardingfela er jo nettopp at ho er så spesiell, både i form og utsjånad, og at tilgangen er avgrensa. Vil det devaluere hardingfela viss det kjem mange fleire instrument på marknaden? Det tviler eg på. Hardingfela kjem nok aldri til å bli korkje lettspelt eller verkeleg masseprodusert. Men ho er alt populær – ikkje i tydinga populærmusikalsk, men i tydinga «noko mange ønsker seg». Mange nok til at det burde finnast inngangsmodellar – at ein ikkje må rett opp i Rolls Royce-klassa når ein skal ha sitt første instrument.

Det er verd å hugse på at interessa for hardingfela er minst like stor utanlands som her heime. For den

som måtte lure på korleis det er for ein utlending å skulle få tak i ei hardingfele, kan eg anbefale Hardanger Fiddle Association of America si heimeside [hfaa.org](http://hfaa.org) og seksjonen «Frequently Asked Questions». Kortversjonen: Du skal vere eksepsjonelt dedikert eller ha stor flaks – helst begge delar – viss du skal klare å få tak i eit spelbart instrument.

Ein viss grad av masseproduksjon av hardingfeler vil vere eit gode for alle som ønsker seg ei fele, men òg for felemakarane våre. Viss det blir mogleg å få tak i ei god ny hardingfele til ein rimeleg pris, treng ikkje felemakarane lenger vere så idealistiske at dei underbyr seg sjølv og tapar pengar på arbeidet sitt.

Særleg stort er behovet for nybyrjarfeler i mindre storleik. Eit barn som ønsker å byrje å spele flatfele,

har ni ulike storleikar å velje i. Vil en byrje med hardingfele, finst det i praksis ikkje barneinstrument å få tak i. Kor mange talentfulle hardingfelespelarar misser vi på denne måten?

På verdas største nettauksjon eBay kan du få kjøpt ei «deluxe fancy Hardanger fiddle», handlaga like sør for Beijing i Kina, til rundt 10 000 kroner.

Diskusjonar på diverse nettforum syner at det finst ein del av desse hardingfelene i bruk rundt om i verda. Eg er viss på at fleire av desse eigarane av Kina-hardingfeler hadde vore overlukkelege om dei kunne få kjøpt ei tilsvarande norskbygd fele. Dei hadde garantert vore villige til å betale det dobbelte eller tredobbelte for henne òg – mot vissheita om at ho var utvikla av folk som visste korleis ei hardingfele skal sjå ut, korleis ho skal låte, korleis ho skal ligge i hendene og kjennast mot bogen.

Sagt på ein annan måte: Det er ingen andre stader enn i Noreg at ein kan utvikle denne teknologien. Feleverkstaden til Ole Bull Akademiet må ha lukke til framover med prosjektet «Framtidsfelemakeriet». Det blir spennande å sjå når den første CNC-freste hardingfela kjem i sal – og høyre korleis ho læt.

*Det er ingen andre stader enn i Noreg at ein kan utvikle denne teknologien.*



**Audun Stokke Hole**  
Redaktør, Folkemusikk